

Lisboanemndi  
Pb 1492 sentrum  
0224 OSLO  
lisboabloggen@gmail.com

Oslo, 12. april

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.: 09/585-HK

### **Høyringsfråsegn om datalagringsdirektivet**

Lisboanemndi er ein uavhengig struktur med røter i målrørsla. Vi analyserer, kommenterer og greier ut aktuelle spørsmål med eit fritt, ideologisk perspektiv og med særskilt fokus på EU-saka, og meiner at spørsmålet om det såkalla datalagringsdirektivet inngår i eit større saks-kompleks som krev ei grundigare behandling enn det implementeringa av direktivet og dei tilliggjande spørsmåla har blitt gjenstand for i det offentlege ordskiftet som har vore.

Det blir sagt at to omsyn må vegast opp mot kvarandre idet vi vurderer om direktivet skal implementerast: omsynet til tryggleik, ein slags ufridom, og omsynet til personvern, ein slags fridom. Vi i Lisboanemndi vil med dette avskrive dikotomien som falsk. Ved å gi bort litt fridom, i form av større overvaking, får vi òg større tryggleik. Det vil ikkje innebere at all fridommen blir borte. Illusjonen om at fridommen vi skal ha, nødvendigvis treng vere så omfattande, utgjer eit tilsvarande hinder for å ordskiftast om dette og andre personvernspørsmål på konstruktivt vis.

Lisboanemndi meiner at datalagringsdirektivet vil vere ei nyttig formalisering av ein praksis som finst allereie. Samstundes vil det ikkje berre vere ei stadfesting og sanksjonering av det politiet allereie gjer, men òg eit tydeleg *statement* frå Stortinget om kva utvikling vi vel oss for samfunnet. Sjølv om somme vil framstille det som om denne utviklinga er negativ eller «galen», held vi fast på at jamnt arbeid for større samfunnstryggleik må få gå på kostnad av oppdikta dikotomiar og illusjonar om uavgrensa fridom.

Vi ser særleg eit høve som opnar seg for større kartlegging av ulovleg verksemd av ulike slag, men vil òg nytte høvet til – når direktivet blir vedteke – til å gi politiet tilgjenge til å bruke dei innsamla data på nye, uortodokse vis. Vi kan berre førestille oss kor mykje terrorisme vi kan luke ut i ung alder ved å halde unge muslimar under oppsyn, i heimen og i moskeen, og fatte mottiltak der det blir vurdert som nødvendig. Venstreradikale element i samfunnet kan haldast under kontroll gjennom grundigare kartlegging av aktivitetane deira. Datalagringsdirektivet inngår i ei rekkje nye grep som gjer det lettare å gjere dette og meir med lova i hand.

Lisboanemndi vil derfor gi full tilslutnad til implementering av direktivet.

Vensamt  
R. Oma (sign.)  
leiar